


Sund Sokneblad

Nr. 3

17. juni 2020

Årg. 89

Opning av kyrkjene



I vel to månader var kyrkjene i Noreg stengde for vanlege gudstenester, og sokneprest Kjell-Asle Børnes måtte treffa folk utanfor kyrkja eller andre stader. Men 24. mai vart Sund kyrkje opna på nytt.

side 6-7

Koronaen har påverka tilsette

Koronaen har hatt innverknad på dei tilsette innan kyrkja. Prost Jan Tommy Fosse skriv om si oppleving, og Olav Sørheim fortel om opplevinga som seksjonsleiar for kyrkjemusikk. Kjell-Asle Børnes skriv om si oppleving av koronarestriksjonane.

side 3-4

Personalnytt

To nye personar er tilsette innan kyrkja i Øygarden, og ein tilttrer stillinga som leiar for seksjonen kyrkjemusikk etter Olav Sørheim.

side 5

Takk til Olav!

Etter 45 år på orgelkrakken i Fjell kyrkje seier Olav Sørheim no takk for seg og blir pensjonist. Han får takk for innsatsen

side 8

Ei særstille veka

Påskeveka, «den stille veka», vart i år ekstra stille for Kjell-Asle Børnes, slik ho blei for dei fleste prestar i Noreg. Kyrkjene var stengde, og alle gudstenestene han skulle hatt, blei det ikkje noko av.

side 9

Konfirmant?

For dei som vil vera konfirmant neste skuleår finn du informasjon

side 11

Pastoralt perspektiv

Etter korona

Det er nok for tidleg å seia *etter korona*. Når det blir, veit ingen.

Men det er lov å drøyma! Og min draum er slik:

- Etter korona er det slutt på avstand og restriksjonar for fellesskap.
- Klemming er tillatt, og vi kan gje kvarandre gode handtrykk.
- På butikken slepp vi å gå utanom kvarandre og hasta forbi kvarandre.
- I selskap kan vi samlast mange og kjenna på gleden over det nære fellesskapet.
- Det er slutt på påmeldingslister for evt. smittesporing.
- Og i kyrkja kan vi fylla alle benkane/stolane og knela saman rundt alterringen.
- Vi kan myldra igjen på Myldredag, og kjenna på gleden av å samlast på tvers av generasjonane.

Men så må det *ikkje* bli slutt på følgjande:

- Vi stiller opp for kvarandre og gjev kvarandre ei hjelpande hand.
- Vi kontaktar kvarandre ofte via telefon og andre medier.
- Vi tar hensyn til kvarandre og viser solidaritet.

Og lista kunne gjerast mykje lenger, både når det gjeld det vi vil ha endring på, og det vi ikkje vil ha slutt på...

Eigentleg handlar alt dette om å visa kvarandre *Jesu* sinnelag, han som alltid er oppteken av å løfta menneske opp og spørja: Kva vil du eg skal gjera for deg?

Kjell-Asle Børnes

Velkomen til gudsteneste

21. juni – 3. søndag i treeiningstida – Luk 14,15-24

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Dåp og Nattverd
Takkoffer: Den indre sjømannsmisjon

28. juni – 4. søndag i treeiningstida – 1 Kor 9,24-27

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

05. juli – 5. søndag i treeiningstida – Matt 7,15-20

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

12. juli – Aposteldagen – Luk 5,1-11

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd
Takkoffer: Fam/medier

19. juli INGA GUDSTENESTE

Besøk gjerne ei av nabokyrkjene!

26. juli – 8. søndag i treeiningstida – Matt 6,19-24

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

02. august – 9. søndag i treeiningstida – Rom 8,31-39

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

09. august – 10. søndag i treeiningstida – Luk 5,27-32

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Dåp og Nattverd
Takkoffer: Kirkens SOS

16. august – 11. søndag i treeiningstida – Matt 23,37-39

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp
Ranselbøn for nye 1.klassingar
Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

23. august – 12. søndag i treeiningstida – Matt 6,24-34

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd
Takkoffer: Fjell-ly

30. august – 13. søndag i treeiningstida – Matt 25,14-30

TRELLEVIKBYGNADEN kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes
Takkoffer: Evangeliesenteret

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 936 10 773

Koronaen påverkar arbeidet for kyrkjeleg tilsette

I løpet av nokre timar etter torsdag 12. mars måtte Den norske kyrkja legge om arbeidet. Gudstenester og barne- og ungdomsarbeid måtte leggest om. Digitale plattformer vart kvardagen. Gravferder skulle gjennomførast, men under streng regulering. Me har bedt nokre tilsette skrive om sin kvardag under koronaen.

Å være prost i koronatid

Mindre enn to uker etter oppstart som prost i Vesthordland, ble plutselig det meste snudd på hodet. Ikke bare i min jobb, men i hele samfunnet. I flere måneder hadde jeg gledet meg til å bruke tid til å bli kjent med menighetene og medarbeiderne i prostiet. Det var mye jeg skulle lære, og det var jeg klar for å gjøre. Så kom 12. mars, en dato jeg sikkert kommer til å huske lenge.

Det er et privilegium å få være en del av et så flott arbeidslag som vi har i Vesthordland prosti. Frivillige og ansatte medarbeidere har brettet opp armene, gått den «ekstra mil», og gjort det de kan for at kirken, også i disse korona-tider, er det den skal være. Det har vært smertefullt å ikke kunne samles til gudstjenester og annet som vanlig, men kirken har likevel være tydelig nærværende gjennom utallige telefonsamtaler, gudstjenester og samlinger for barn og unge på nett, og i kirkelige handlinger som dåp og gravferd. Jeg vil gjerne uttrykke en stor takk til alle dere gode medarbeidere.

Og hva nå? Når dette skrives, er samfunnet sakte men sikkert i ferd med å gjenåpnes. På ett eller annet vis er vi på vei tilbake til normalen, eller kanskje heller en ny normal. Det skal bli spennende å se hva vi har lært, og hva vi tar med oss fra denne tiden. For kirken vil jeg tro at vi blant annet har lært en del om digitale gudstjenester og møteplasser. Kreativiteten har vært stor, og jeg ser for meg at dette er noe vi må jobbe med videre.

Men enda viktigere tenker jeg det er at vi har fått kjenne på hvor viktig andre mennesker er for oss. Når vi ikke får treffes, så gjør det noe med oss. Min bønn og mitt håp er at vi tar dette med oss inn i månedene og årene som kommer. Mennesker trenger fellesskap, og kirken ønsker å skape fellesskap hvor man opplever at man hører til. Inn i det fellesskapet er du hjertelig velkommen til å ta din plass. Ser frem til vi sees!

Jan Tommy Fosse,
prost i Vesthordland prosti



Jan Tommy Fosse



Musikkseksjon i unormal normaltid

Alt fikk en bråstopp.

Avlys alt.

Hold dere hjemme.

Fortsett å jobbe.

Vær klar for seremonier.

Gjennomfør planlagte møter på telefon/video.

Rapporter.

Vi har spilt i seremonier.

Vi har spilt ved opptak kortgudstener for nettsider og facebooksider.

Vi har øvd mer.

Vi har hatt våre planlagte møter på telefon/video.

Vi har ryddet på kontor og pc.

Vi har planlagt mulige og umulige aktiviteter.

Vi savner møtepuntene.

Korene, band, grupper.

Kyrkjelydene.

Vi drømmer om ny oppstart.

Vi tenker mye på alle mulighetene som har ligget delvis ubrukt der ute, før i tiden, før det dårlige været.

De digitale arenaene med stort nedslagsfelt.

Vi tenker på at vi trenger nødvendig utstyr så vi kan være der.

Vi tenker på at vi trenger noen medhjelpere som har den tekniske kompetansen.

Da kan vi kanskje gjennomføre våre planlagte arrangementer uansett.

Og publikum kan være med uavhengig av sivil status og førlighet og dårlig vær.

Og vi kan fortsette som før, om enn litt annerledes.

Olav Sørheim,
seksjonsleiar kyrkjemusikk

Olav Sørheim

Å vere prest i koronatid

I midten av mars vart det ein bråstopp i kyrkjelivet og for meg som prest. Vi fekk ikkje lenger møtest ansikt til ansikt i Guds hus, til gudstenester og andre samlingar. Og det som er alfa og omega for ein prest – å møta menneske – vart umogleg, iallefall på den vanlege måten. Dermed fekk også eg kjenna på saknet etter å møta folk! Og det har særleg vore vondt å sjå at mange ikkje har fått følgja familiemedlemmer, vener og sambygdingar til grava grunna strenge korona-restriksjonar.

Men så har det opna seg nye rom, nye måtar å kommunisere på...

Og på Facebook og diverse heimesider har eg fått formidla Guds ord. Litt uvant, men etterkvart heilt ok, og responsen har vore overveldande! Takk for all oppmuntring og gode tilbakemeldingar! Kanskje vi kan halda fram med noko av dette også etter korona?

Det er opp til kyrkjelyden å bruka fantasien...

Kva kan vi så lære av denne tida? Og ikkje minst: Kva kan vi glede oss til, når vi kan ta kvardagane og helgene tilbake? Kollega Hans-Olav Mørk har sett ord på noko av dette i ein song, skriven 14. mars:


Vi skal møtes

*Vi skal møtes når dette er over,
ved et bord i en smekkfull kafé,
i en kirke, i midtgangens vrimmel
mot Guds alter og det som skal skje.
Vi skal feire og synge og le.*

*Vi skal gi til hverandre et løfte,
at vi møtes når veien er gått.
Når det mørke og vonde er bak oss,
når den prøven vi fikk, er bestått,
skal vi dele det svar vi har fått.*

*Men alt nå vet vi svaret, vi vet det.
Det å elske hverandre er alt,
bære byrder når en har for mye,
holde oppe når noen har falt.
Til å elske, til det er vi kalt.*

Kjell-Asle Børnes



Under koronarestriksjonane er det helst utanfor kyrkja at presten har kunna ta imot folk.

FOTO: OLAV OTTERÅ

Personalnytt



Arne Opheim (55) er tilsett som fagarbeider i seksjon kyrkje og gravplassar. Han skal også arbeide som kyrkjetenar. Han tok til i stillinga 4. mai. Arne er utdanna tømrar, har lenge hatt eige firma, og har brei erfaring med arbeid både på nybygg og med rehabilitering, også av historiske bygg. Han har hatt fleire prosjekt som inneber tett samarbeid med riksantikvaren.



Malgorzata Anna Tveit (50) er tilsett som kantor/kyrkjelydsmusikar i Fjell. Ho byrjar i stillinga 10. august. Malgorzata Anna Tveit arbeider i dag i 70 % stilling i Askvoll sokn. Malgorzata har 5-årig klassisk utdanning frå musikkhøgskule i Polen. Utdanninga omfattar mellom anna komposisjon, musikkteori, harmonilære, pedagogikk og direksjon. Hovudinstrumentet hennar er piano.

Ny seksjonsleiar kyrkjemusikk

Kantor i Hjelme og Blomvåg sokn, **Øystein Steinsland**, er tilsett som seksjonsleiar kyrkjemusikk, i fellesrådet sitt møte 29. april. Han tiltrer stillinga når Olav Sørheim sluttar ved utgangen av mai. Stillinga som seksjonsleiar vert kombinert med kantorstillinga i Hjelme og Blomvåg.



Me ønskjer nye medarbeidarar velkomen i organisasjonen. Velkomen også til Øystein som seksjonsleiar.

*Olav Martin Vik,
kyrkjeverje*

Korøving

i Sund kyrkje

STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

25. august

8. og 22. september

13. og 27. oktober

10. og 24. november

8. desember

*Nye og gamle
medlemmer
er velkomne!*

Onsdagstreffa

Ein håpar på at onsdagstreffa kan starta opp att til hausten, kl. 11.00 i Aktivitetssenteret. Første onsdag blir i så fall:

Onsdag 2. september



Dåp i Kausland kyrkje

I ei tid med stengde kyrkjer var det lite som skjedde der. Men ved nokre høve vart det gjennomført barnedåp. Soknebladet fekk vera til stades då Oline Stensli Lokøy vart døypt i Kausland kyrkje søndag

10. mai. Koronatiltaka galdt framleis, så det var berre eit fåtal av dei næraste i familien som fekk vera til stades. Men barnet vart døypt, og bilete vart tekne.

Olai Otterå





Kjell-Asle Børnes stod klar med ei flaske reinsevæske då kyrkjelyden kom til Sund kyrkje.




Annakvar benkerad var stengt for kyrkjelyden. Ein skulle sørga for god avstand mellom personane, i allfall dei som ikkje budde i same husstand.



Soknerådsleiar Svein Myklebust noterte ned namn og telefonnummer til alle som kom til kyrkja.



Tove Solvang sørga for fin sang med god hjelp av Irina Tarasova på flygel og Dag Pettersen på bassgitar.



Nattverd gjestane måtte stilla seg på rekke nedover midtgangen med minst 1 meter i mellom kvar person.



Presten nytta seg av preikestolen då han hadde preika på denne første søndag etter gjenopning av kyrkjene.

Gjenopning av kyrkjene

Etter å ha vore stenge i over to månader kunne kyrkjene igjen opnast for inntil 50 personar. I Sund kyrkje skjedde dette søndag 24. mai, helga før pinse.

Sidan talet på personar som kunne samlast var avgrensa til 50 og koronatiltaka ikkje var over, var det visse tillempingar som måtte gjennomførast. Ein av dei var at annakvar benkerad var stengt av, og på dei radene der folk kunne sitja, var putene tekne vekk. Dette var for at det skulle vera lettare å desinfisera plassane etterpå.


Alle som kom til kyrkja denne dagen, måtte få notert ned namn og telefonnummer, slik at ein kunne følgja opp ev. smitte. Listene skulle kastast etter 10 dagar. Det var sokrårdsleiar Svein Myklebust som sat og registrerte kven som kom.

Sjølve gudstenesta gjekk elles som vanleg - om ein ser bort frå nattverden. Her måtte nattverd gjestane stille seg på rekke nedover midtgangen med 1 m mellomrom. Framme ved presten fekk dei lagt ein oblat oppi staupet, og derifrå måtte personen putta det i munnen før han gjekk vidare og fekk tildelt vinen.

Elles var det fin song og musikk på denne opningsdagen i Sund kyrkje med Tove Solvang som song og Irina Tarasova og Dag Pettersen som spelte til.

Opninga av Kausland kyrkje skjedde 2. pinsedag med liknande restriksjonar.

Olai Otterå



I Kausland kyrkje var første gudsteneste etter gjenopninga på 2. pinsedag. Det var Michael Møgster som hadde den gudstenesta.

Takk Olav!

Etter 45 år på orgelkrakken i Fjell kyrkje pensjonerer Olav Sørheim seg. Han har vore aktiv i det musikalske miljøet i kyrkja, med både kor, kyrkjebrass og konsertar.

I 1975 gjekk han 3. året på Bergen Lærerskole på musikklinja. Hausten byrja han på Bergens Musikk-konservatorium kor han starta studiar kyrkjemusikk. Her fekk han tips frå læraren om ei stilling som organist i Fjell kyrkje som var blitt lyst ut i Fjell kommune.

Det å ha eit «eige» orgel til fri disposisjon å øve på mens han studerte var noko Sørheim kunne tenkje seg. Utan formell kompetanse søkte han på stillinga, og ble tilsett under tvil.

Trå år seinare, i 1979, var Sørheim ferdig utdanna kantor. Frykta i Fjell var at han skulle søkje seg til ein annan plass. Men med eit ønske om ei full stilling og nytt orgel blei han verande i Fjell.

Arbeidet har vore varierende, fyst med Fjell kyrkje- kor og Lukas Tensing, og sidan med Sotra Reviderte, Fjell kyrkjebrass og Fjell barnekor. Viktige faktorar har vore ein god instrumentpark i alle kyrkjene, lyd- anlegg og bileteanlegg.

Som organist deltek ein i både sorg og glede i kyrkjerommet. – Ein får eit rimeleg realistisk bilete av livets realitetar, fargar, kjensler og skiftingar i alle variantar. Og midt i dette er eg, seier Sørheim.

Helsing frå Olav Martin Vik, kyrkjeverje og Anlaug Børve, personalleiar

Når Olav no går av med pensjon, 45 år etter at han vart tilsett som organist i Fjell, kjennest det meir som vi skal takke av ein institusjon enn ein enkeltperson. Olav har skapt så uendeleg mykje positivt rundt seg i tenesta si. Han har vore lydhøyr for ønskje og initiativ frå kyrkjelyden, og inspirert til deltaking og engasjement. På denne måten har Olav vore sentral i det kyrkjelydsbyggande arbeidet i Fjell. Vi vil takke Olav for den store innsatsen og det gode arbeidet han har gjort gjennom si lange teneste. Vi ønskjer han gode dagar som pensjonist. Vi kjem til å sakna han i arbeidsfellesskapen.



OLAV SØRHEIM

- Har vore tilsett som organist i Fjell kyrkje sidan 1975
- Er gift, har 5 barn og 3 barnebarn
- Bur på Kolltveit
- Har lærarutdanning og kantorutdanning
- Var med å starte Sotra Reviderte i 1979 og Fjell kyrkjebrass i 2007
- Har vore leiar for kyrkjemusikk i Øygarden kyrkjelege fellesråd



Kjell-Asle Børnes kunne stå og studera alterbiletet i Sund kyrkje, men kunne ikkje sleppa folk inn til vanlege gudstenester.



- Hit, men ikkje lenger! Kjell-Asle Børnes kunne ikkje sleppa folk inn i Sund kyrkje fordi ho var stengt for vanlege gudstenester så lenge koronasituasjonen gjorde det nødvendig.

Den stille veka vart ekstra stille

Korleis er det å vera sokneprest når kyrkjene blir stengde og alle gudstenester på Palmesøndag, Skjærtorsdag, Langfredag og begge påskedagane ikkje kunne gjennomførast? For Kjell-Asle Børnes blei «den stille veka» ei underleg veke.

Børnes skulle hatt alle gudstenestene denne veka med unntak av 2. påskedag. Såleis vart det for han ei ekstra stille veke. - Eg har aldri tidlegare vore utan gudstenester i dei åra eg har vore prest. Det har vore veldig rart. Eg har alltid vore van med gudstenester i påskeveka, seier Kjell-Asle Børnes.

Når gudstenestene er borte, er det ikkje så mange ting å ta seg til. Mykje av kontorarbeidet skjer av dei som jobbar på kyrkjekontoret. Har han bruk for ein dåpsattest til nokon som blir døypt, får

han den derifrå. For litt har jo skjedd likevel. Han har hatt fleire barnedåpar i denne tida, det same gjeld gravferder. Jamvel viglsar har han hatt.

Når det gjeld samtaler i samband med dåp eller gravferd, har ingen av desse samtalen skjedd i heimen, men i kyrkja med maks 5 til stades, eller det har føregått pr. telefon.

Under koronaen har prestane i Øygarden vore delte inn i grupper der 2 prestar kvar veke har hatt ansvaret for gravferder i heile kommunen. Såleis har Børnes i denne perioden også hatt gravferder andre stader enn i Sund sokn. Dette har gått greit, meiner han, men det kan vera ulik praksis om når kista skal senkast ned i grava som ein må setja seg inn i.

I ei tid med strenge restriksjonar

har det ikkje vore heilt enkelt å halda kontakten med kyrkjelyden. Men han har ved fleire høve ringt til folk, og det er enkelte som har ringt til han. Han har òg laga til nokre andaktar som har vorte sende på Internett. Ein av dei blei sendt på Skjærtorsdag. Han har òg hatt ein andakt som har blitt sendt frå Nykirken i Bergen. Derifrå har det kome andaktar med ulike prestar kvar dag i denne perioden utanom søndagane. Mange har sett desse sendingane, fortel han.

Til hausten er det bispevisitas, og ei visitasmelding skal skrivast om kva som har skjedd sidan førre visitas. Han reknar med å bli ferdig med den før sommaren. Kanskje vil det stå noko om den uvanlege situasjonen under koronaepidemien.

Olai Otterå



På Skjærtorsdag vart det sendt ein andakt i opptak frå Sund kyrkje ved Kjell-Asle Børnes. Andakten kunne sjåast på Internett via heimesida til kyrkja i Øygarden. (Bilete frå sendinga)

Skjærtorsdagsandakt på Internett frå Sund kyrkje

Då kyrkjene vart stengde grunna korona-epedimien, var det ikkje mogleg å samlast til gudsteneste. Men høve til å nå ut med Guds ord var likevel ikkje borte, og Internett vart ei løysing som Kjell-Asle Børnes nytta seg av fleire gonger.

Eit av tilfella var ein andakt som vart sendt på Internett på Skjærtorsdag. Sendinga var teken opp på førehand og redigert til ei sending på omlag 11 minutt. Det var Ole Martin Solsvik som stod for filminga og Petter Rong for lyden.

Kjell-Asle Børnes snakka om korleis dette kjente måltidet på den første skjærtorsdagen endra karakter frå eit vanleg måltid til eit måltid der brødet og vinen er Jesu eigen kropp og hans eige blod som skal gje syndstilgjeving og ny start.

Det var òg lagt inn song og musikk i denne sendinga frå Sund kyrkje. Eivind Kausland Lie song både før og etter andakten, og Irina Tarasova på flygel og Dag Pettersen på bassgitar spelte til.

Olai Otterå



I andaktstunda var det òg lagt inn song og musikk der Eivind Kausland Lie sang og Dag Pettersen spelte bassgitar og Irina Tarasova spelte flygel. (Bilete frå sendinga)

Vil du vere konfirmant i Sund i 2020/21?

Kjære ungdom som skal byrja i 9. klasse!

Velkomen til å vera konfirmant i Sund kyrkjelyd!
Anten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig,
er du hjarteleg velkomen til konfirmasjonsførebuing i kyrkja!
I konfirmasjonstida får du lære meir om kven Gud er og
kven vi er sjølve, som menneske. Vi håpar at tida di som konfirmant
blir interessant og lærerik, og at du skal få kome til orde
med alle dine spørsmål, tankar og meiningar.



Påmelding:

Gå inn på kyrkjelyden si heimeside og fyll ut
registreringsskjema elektronisk: www.kyrkja.no/sund

Påmeldingsfrist til konfirmantåret er søndag 23. august

Til føresette

Ved oppstarten av konfirmantåret – informasjonssamlinga i Sund kyrkje **torsdag 27. august, kl. 18.00** – vil vi at både konfirmantar og føresette er til stades. Der vil de få meir informasjon om konfirmantåret og vi deler ut komplett oversikt over datoar, klokkeslett og gruppeinndeling.

Vi har behov for ein del praktisk hjelp i løpet av konfirmantåret, så ta gjerne med almanakk til info-samlinga ☺

Vi vil ha alle med!

Dersom din ungdom treng spesiell tilrettelegging, så skriv det på registreringsskjemaet på nettsida – vi ynskjer å inkludera alle!

Betalingsinfo:

Eigenandelen for konfirmantopplegget er **1500 kr.** (Konfirmantleiren er inkludert i dette.)
Betalning skjer ved påmeldinga. **(NB! Ta kontakt dersom 1500 kr. er for utfordrande for økonomien.)**

Vi ynskjer å ha ein open dialog og spele på lag med dykk i konfirmasjonstida.
Har de spørsmål, så ikkje nøl med å ta kontakt!

Venleg helsing Sund kyrkjelyd ☺

Kontaktinfo:

Dag Reidmar Pettersen, Kyrkjelydspedagog
E-post: dp557@kyrkja.no Tlf: 477 07 952

Kjell Asle Børnes, Sokneprest
E-post: kb427@kyrkja.no Tlf: 414 16 667

HÅP – UANSETT ÅRSTID

Vi skriv juni månad, og dermed lever vi i grenselandet mellom vår og sommar.

Naturen - og vi - vaknar meir og meir til liv, ja, «*atter som eit under nytt liv av daude gror*» som det står i den kjende vår-salmen.

Og våren varslar sommar - slik vi syng i ein annan salme: «*...hør lundens sus og bekens brus forkynne hva som kommer: Omsider blir det sommer!*»

Men våren varslar også noko meir! Det syng vi også om i «No livnar det i lundar»: «*Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song, du spår at Gud oss lagar ein betre vår ein gong.*» Den lyse våren varslar HIMMEL, og forkynner HÅP! Ja, våren og det spirande livet oppfordrar oss til å ta imot Guds gode gåve til oss, slik endå ein salme uttrykker:

«*...hver blomst, hver spire minner oss om å ta imot det lys som alltid skinner fra Gud, vår Skaper god.*»

Og til og med fuglane forkynner håpet for oss:

«*Sin lykke, fred og sommerfryd må yre fugler prise. I mark og skog fra nord til syd de jubler*

frem sin vise. Hør håpets klang i deres sang, i hymnen de lar kvede fra blomstereng og rede.»

Og vi gjer vel i å la oss begeistra og riva med!

Men så veit vi så vel, at etter våren og sommaren - så kjem hausten!

D e t t e f a k t u m ligg som eit bakteppe for oss - i vårens glede og sommarens fryd...

Plutseleg ein dag så gulnar blada og fuglesongen stilnar, og vi blir minna om vår forgjengelighet... Men midt i dette får vi syngja:

«*La falme verdens prakt og glans, la all dens lyst forsvinne. Min venn er min, og jeg er hans, vår kjærlighet skal vinne! Så syng det ut: Snart skaper Gud en sommer uten make og gir oss alt tilbake!*»

Kjære medvandrar i vårens og sommarens landskap:

Hausten kjem til oss alle, men HÅPET, det LEVANDE håpet kan ingen ta ifrå oss! For det er knytta til JESUS, til hans soning og siger! Og sigerherren seier til oss:

«*Eg er oppstoda og livet.*

Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.» (Joh 11)

Han, sigerherren, er vår venn - som har gitt sitt liv for at vi

skal få leve! Vi får altså syngja: «*Min venn er min, og jeg er*

hans...» - Det gir HÅP uansett årstid!

For: «*Navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann. Navnet Jesus det er evig, ingen det utslette kan.... Midt i*

nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn, og hver hjelp-løs seiler vinker inn til frelsens trygge havn. Og når solen mer ei skinner, Jesu navn, det lyser enn. Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen!»

Måtte vi alle få ta del i den EVIGE vår-songen som aldri skal stilna...

Kjell-Asle Børnes

Andakten

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)



Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

GRAVMINNER



Løvaas
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkekarvik



Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Føremiddagstreffa

Ein håpar på at det vert mogleg å starta opp med føremiddagstreffa att til hausten. I så fall blir det samling kl. 11.30, først med felles lunsj og deretter eit føredrag av ein gjest.

26.08 Kyrkjekjellaren

Gjest og tema førebels ikkje fastlagt

Fleire datoar kjem i neste nummer.
Det vanlege er siste onsdag i månaden.

Vil du bli med på klubb?

Betweenklubb

Til hausten blir det Betweenklubb på desse datoane:

21. august, 15. september,
20. oktober, 17. november
Juleavslutning i desember

Klokka 17.30 - 19.30

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.
Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,
Bibelen, kveldsmat.**

Velkomen,
og ta gjerne med ein venn!

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkeoppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no

Tur til Institutt for sjelesorg/ Modum Bad 17.-21. august

Har du lyst å bli med på tur?


Vi reiser med tog frå Bergen til Vikersund. Vi kjem til ein stad med vakker natur, stillheit og gode rom å bu i. Dette blir nokre dagar kor du kan slappa av og nyta. Det blir turar ut i det fri, bibelundervisning, sosiale samvær og god tid til å berre vera til.

Turen frå Bergen og returen med alt inkludert kostar kroner **7000**.

NB! Du må koma deg til og frå Bergen jernbanestasjon på eiga hand. Resten ordnar vi.

Påmelding til Ellen Ebbesvik på telefon: 92442881 innan 20. juni.

Arr: Diakoniseksjonen Øygarden kyrkjelege fellesråd



Givarteneste

Sund kyrkjelyd

Barne- og ungdomsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3470.44.67003



TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS



Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

Nettside

DEN NORSKE KYRKJA I ØYGARDEN

Det er laga ei felles nettside for alle kyrkjesokna i Øygarden kommune. Kyrkjevevja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/oygarden

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

Sund kyrkje 28. mars
Oline Mari Solheim (konfirmant)
Idar André Solheim (konfirmant)

Sund kyrkje 19. april
Helena Havås Espeseth

Sund kyrkje 26. april
Ellinor Flataker Hansen

Kausland kyrkje 10. mai
Oline Stensli Lokøy

Sund kyrkje 7. juni
Vetle Vardøy Stokdal
Jakob Andersen Toft

Vigde

Sund kyrkje 8. april
Lill-Jeanette Tusberg Olsen og
Espen Jakobsen

Gravlagde

Kausland kyrkje 24. mars
Astrid Nansy Øvretveit, f. 1936

Kausland kyrkje 31. mars
Johannes Anfinn Sandtorv, f. 1934

Sund kyrkje 7. april
Synnøve Forland, f. 1951 (bisetjing)

Sund kyrkje 17. april
Ingeborg Marie Førde Børnes,
f. 1935

Kausland kyrkje 21. april
Magda Karolina Bjørkmann, f. 1926

Sund kyrkje 30. april
Borghild Marie Hole, f. 1940
(bisetjing)

Kausland kyrkje 19. mai
Astrid Helene Tveit, f. 1928

Sund kyrkje 26. mai
Erna Johanne Skoge, f. 1930

Kausland kyrkje 29. mai
Åge Odd Telle, f. 1927

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **55 09 74 40**

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 55 09 74 40

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkje-
kontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97
sokneprest 41 41 66 67
E-post: kb427@kyrkja.no

Soknerådet

Svein Marius Myklebust
soknerådsleiar
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

**Sund
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Konto: 1503.84.37590

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950

Internett og kyrkjeopning på same søndag



Kjell-Asle Børnes hadde sending på Internett same søndag som Sund kyrkje igjen vart opna etter korona-stenging.

Sund kyrkje vart opna att søndag 24. mai. Same dag hadde Kjell-Asle Børnes ein andakt på Internett der han snakka om teksten for dagen. I sendinga var det fleire songar med Tove Solvang og med musikk av Irina Tarasova og Dag Pettersen. Det var òg lagt inn to vitnesbyrd. Det eine var ved Martin Børnes, det andre av Sandra Eriksen. Filmminnslaget, som varte i nesten 23 min, var laga av Ole Martin Solsvik og Petter Rong.

Olai Otterå



Sandra Eriksen og Martin Børnes hadde kvart sitt vitnesbyrd under sendinga.



Tove Solvang (song), Irina Tarasova (flygel) og Dag Pettersen (bassgitar) sørga for det musikalske under denne sendinga. (Bileta er frå sendinga)

Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

Klokka 17.00-19.00

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

- 1. september
- 29. september
- 3. november: Bispevisitas
(Myldredag for Sund og Kausland)
- 1. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

- 16. september
- 21. oktober
- 3. november: Bispevisitas
(Felles myldredag i Sund for Sund og Kausland)
- 9. desember

**Middag -
bibelfortelling -
aktivitetar -
felleskap**

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

Bibelordet

Før trua kom, vart vi haldne i varetakt under lova; vi var innestengde heilt til den trua som skulle koma, vart openberra. Slik var lova vaktaren vår til Kristus kom, for at vi skulle seiast rettferdige ved tru. Men no når trua er komen, er vi ikkje lenger under vaktaren. De er alle Guds born ved trua, i Kristus Jesus. For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus. Og høyrer de Kristus til, då er de Abrahams ætt og arvingar etter lovnaden. (Gal 3,23-29)

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 2. september

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 19. august